

Referat frå FAU-møte 19.09.19

Til stades: Karine Tjørhom Myhra, Odd Kjetil Kvalvågnes, Svein Rune Skilnand, Helin Morel, André Karoliussen og Siri Fidjeland

Sak 1. Konstituering

Skrivar:	Siri Fidjeland
Representantar til SU:	Karine Tjørhom og Helin Morel
Vara til SU:	1. Svein Rune Skilnand 2. Odd Kjetil Kvalvågnes
Representant til SMU:	Svein Rune Skilnand

Sak 2. Felles foreldremøte

FAU Sinnes er positive til at Barnevakten kan bestillast og at Tonstad skule kan inviterast opp. Ein må høyra om når Barnevakten kan koma - Karine. Politiet sitt opplegg i fjor var veldig spesifikt på seksualiserte bilete. Odd Kjetil høyrer om dei har eit meir generelt opplegg nå.

Sak 3. Informasjon om at det er sett ned arbeidsgruppe, der ein skal utgreia ei prøveordning med skulemåltid

Det er sett ned ei arbeidsgruppe av rektorar, folkehelsekoordinator og einingsleiar, som skal koma med forslag til korleis ei prøveordning med to dagar i veka, kan vera. Så skal dette opp i ulike organ på høyring, før det skal til politisk handsaming. Leiar i FAU Sinnes vil vera med i ei referansegruppe, som er sett ned. Det er sendt ut spørjeundersøking til ein forelder i kvar familie.

Umiddelbart tenker FAU at dette kan bety at elevane et meir, og meir variert, enn den vanlege brødnista. Det kan og vera sosialt utjamnande. Spørsmål er kven som skal gjera dette, og kor stor stilling? Det kan ikkje vera lærarane sitt ansvar.

Konklusjon: Karine sender vidare det ho får på e-post, og så gjev me tilbakemelding.

Sak 4. Innkomen sak: Leksefri skule

Solveig har sendt inn ei sak om leksefri skule. Me er usikre på om dette er ei sak for FAU. Utifrå referat frå det siste elevrådet, har dette vore diskutert med elevane, og blant lærarane. Forsking viser fordelar og ulemper med både lekser og leksefri.

Me tenker umiddelbart at det er ei ulempe, om ein ikkje er van med lekser, når ein skal gå på vidaregåande. At ein både lærer arbeidsmoral og rutinar tidleg ved å ha lekser. Me tenker at lekser òg må vera individuelt tilpassa, som opplæringa elles, og at leksemengda, spesielt for dei i småskulen, ikkje må gå ut over aktivitet og fritid. Er det ein idé at lekser kan vera tidsavgrensa. Slik at det ikkje blir slik at dei som arbeider seint, blir sittande i over ein time?

Sak 5. Innkomen sak: Sykkelstativ

Svein Rune er blitt beden om å ta opp at det er øydelagde sykkelstativ. Dette ser ut som det er tatt opp før, og må ordnast snarast.

Sak 6. Fotballar

Ungane må bruke eigne ballar i ballbingen, og det er uheldig at private ballar blir øydelagde. Me ser på referat frå elevråd, at elevane har blitt einige om at kvart trinn får kvar sin ball, av dei bærekraftballane dei fekk av einingsleiar. Håper det er gode rutinar for å ta vare på desse ballane.

Sak 7. Juletreffest

Juletreffesten er 19. desember, og FAU har ansvar for servering. Me tek dette på neste møte.

Sak 8. Klassekontakt

Det viser seg at det framleis ikkje er ein vara for Odd Kjetil (1. klasse). Kven sitt ansvar er dette? *(Kommentar frå rektor: Ole Tom Sinnes er vararepresentant i 1. klasse, men dette var dessverre ikkje formidla til alle partar før FAU-møtet.)*

Kva skjer når hovudklassekontakt og vara representerer to ulike klassar, når det skal veljast for neste år? Spesielt problematisk når det blir ulike trinn året etter...

Konklusjon: Klassestyrar må skriva tydeleg ned i referatet på våren, kven som blei vald, og som kva.